
NYE VEDTEKTER FOR DRIFT AV SKULEFRITIDSORDNING I GOL KOMMUNE

Gjeldande f.o.m. 15.02.10

1. FØREMÅL

Det skal vere ein SFO i kommunen.

Skulefritidsordninga skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn og fremje sosial læring. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vera eigna for føremålet.

Skulefritidsordninga skal vera eit tilbod før og etter skuletid og på eventuell fridag til barn frå 1.- 4.klasse og for funksjonshemma barn frå 1.- 7.klasse.

Dei overordna måla for skulen vil og gjelde for fritidsordninga.

2. EIGAR

Gol kommune er eigar og ansvarleg for drifta ved skulefritidsordninga (SFO) for elevar i grunnskulen i Gol.

SFO vert driven etter vedtekter godkjende i kommunestyret og etter sentrale pålegg. Utval for Kultur og Levekår er det politiske fagutvalet for SFO.

Samarbeidsutvalet (SU) ved skulen, supplert med leiar av SFO, fungerer som styre for SFO. Foreldra tilknytta SFO, vel ein representant til SU ved Gol skule. Denne møter når saker som gjeld SFO, skal handsamast.

3. ORGAN FOR BRUKARMEDVERKNAD: FORELDRERÅD

Foreldrerådet består av alle foreldre/føresette til alle barn i SFO. Foreldrerådet skal fremje samarbeidet mellom heimen og SFO. Det skal haldast minst to foreldremøte i året, eitt i haust- og eitt i vårhalvåret. På haustmøtet vel foreldrerådet ein representant til SU.

Leiar av SFO kallar inn til desse møta.

4. INNTAK AV BARN

Inntaksmynde

Målsetjinga må vere at alle barn som ynskjer eit tilbod i SFO, får det. Rektor og leiar av SFO avgjer inntaket.

Klage på inntak

I fylgje Forvaltningslova § 29 er fristen for å klage 3 veker frå det tidspunktet søkjaren mottok vedtaket. Klaga skal vera skriftleg og skal sendast rektor. Klageutvalet er endeleg klageinstans.

Kunngjering

Skulen kunngjer opplysningar om søknad til SFO gjennom annonse i lokalavisa.

Søknad

Føresette må søkje via elektronisk søknadsskjema som ligg på heimesida til Gol kommune. Søknadsfrist er 1. mars. Skulen sender skriftleg svar på mottatt søknad, og føresette må skrive under på at dei tar imot plassen.

Inntaksperiodar

Hovudinntak av barn i SFO skal skje i mars og gjeld eitt skuleår i gongen. Alle som søkjer innan fristen får plass.

Inntak i løpet av skuleåret kan skje etter nærare vurdering og dersom det ikkje fører til behov for auka bemanning. Dersom det er fleire søkjarar enn det er plass til, vert inntaket gjort etter fylgjande vilkår:

- Barn av einslege foreldre i arbeid eller under utdanning, og som åleine fører tilsyn med barnet/barna.
- Barn som har begge foreldre/føresette i arbeid eller under utdanning.
- 6-åringar skal prioriterast, men det skal likevel leggjast vekt på å oppnå ei viss aldersspreiing.
- Barn med særlege vanskar kan takast inn føre andre søkjarar når det ligg ei fagleg vurdering til grunn for vurderinga av situasjonen og tilråding om inntak.

Dersom det er plass, kan skulefritidsordninga ta mot barn for kortare periodar der det er særleg grunnar til det (sjukdom i heimen o.a).

Auke eller reduksjon av opphaldstida må meldast på elektronisk skjema på heimesida til Gol kommune.

5. OPPSEIING AV PLOSS

Oppseiing av plass i SFO skal gjelde frå og med den 1. eller frå og med den 15. i månaden. Oppseiingstida er 1 måned.

Oppseiinga skal vera skriftleg via brev eller e-post, og skal sendast skulen som vidare sender opplysningane til faktureringspersonalet i kommunen.

Skulen kan også seie opp plassen med same fristar dersom betalingsterminane vert overskridne med meir enn 2 månader.

6. FORELDREBETALING

Tilbodet i SFO skal finansierast gjennom kommunalt tilskot og eigenbetaling frå foreldra. Kommunestyret gjer vedtak om betalingssatsar for SFO ved budsjetthandsaminga kvart år. Betalinga skjer fast kvar måned ved bank- eller postgiro utsend frå kommunen.

Eventuelle matpengar kjem i tillegg til gjeldande satsar.

Eitt år i SFO vert rekna til 10 månader.

Det skal betalast for påmeld plass sjølv om tilbodet ikkje vert nytta fullt ut (feriar, fridagar, sjukedagar o.l.).

Sats for kjøp av enkeltdagar i skuleåret og i skuleferiane blir utrekna etter minste timesats i det ordinære SFO-tilbodet ganga med 9 timar.

For elevar som ikkje har fast SFO-plass, skal sats for kjøp av enkeltdag liggje 25 % over sats for elevar som har fast plass.

Det kan kjøpast halv enkeltdag/ ettermiddag i skuleåret, men ikkje i feriane. Satsen for dette er halvparten av ein heil enkeltdag.

7. TILHALDSSTAD, LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

SFO disponerer 1.høgda i det tidlegare internatbygget på Glitrehaugområdet, totalt om lag 150 m². I tillegg disponerer SFO om lag 10 mål uteområde med park, ballbane, skog- og hageområde og annan plass for leikeaktivitetar. Gol Kulturskule har tilhaldsstad i 2.høgda i same bygget.

Herad skule (morgo-tilbod): SFO har lokale i sambruk med Herad Vel m.v. og held til i Grendalagsstugu i sokkelhøgda. Lokala blir også brukt av klassar ved skulen.

Inneområdet består av eit stort rom, 95,7m², kjøkken, eit vanleg klasserom og ein lang gang. SFO har også tilgang til sløydrom.

Uteområdet er omlag 8 mål med fotballbane, leikeplass med leikeapparat, skogområde, grasbakkar og noko asfaltert område. Uteområdet vert brukt saman med skulen.

8. OPNINGSTIDER

Skulefritidsordninga skal vera open frå kl.7.30 til kl.16.30.

Tilbodet gjennom året er elles i fire alternativ:

Alt. I: Inntil 6 timar i veka.

Alt .II: Inntil 10 timar i veka.

Alt. III: Inntil 16 timar i veka.

Alt. IV: Inntil 25 timar i veka.

Skulefritidsordninga held stengd laurdagar og i skulen sine feriar.

Dersom det er færre enn 5 påmelde barn til eitt av morgo-eller ettermiddagstilboda, må andre organiseringsformer vurderast. Elles må tilbodet og bemanninga tilpassast elevane sin timeplan og behovet dei har for slik ordning.

9. FRÅVERE

Foreldre/føresette gjev melding til SFO når eleven er sjuk, har bede seg fri frå skulen og elles når barnet ikkje kan vera i SFO til avtala dag og tid.

10. BEMANNING OG LEIING

SFO skal ha ein leiar. Leiaren bør ha pedagogisk utdanning. Det skal vera utarbeidd arbeidsbeskriving for denne stillinga.

Stillingsstorleik og administrasjonstid skal vere i samsvar med gjeldande regelverk.

Rektor har det overordna administrative, personalmessige og pedagogiske ansvaret for SFO, og avtaleverket føreset ein administrasjonsressurs for rektor til SFO på 8% av eit årsverk

Det skal vera følgjande rettleiande norm for bemanning:

- 1 vaksen tilstades i gruppe med 1-9 barn.
- 2 vaksne tilstades i gruppe med 10-24 barn.
- 3 vaksne tilstades i gruppe med 25-36 barn.

Vaksentettleiken aukar vidare med 1 vaksen pr. påbegynte 12 barn.
Elevar med store spesial-pedagogiske behov utløyser tillegg i bemanninga.

Etter vurdering kan personalet organiserast i forhold til det som er føremålstenleg sjølv om det avvik frå normen.

11. BUDSJETT

Rektor har ansvar for å utarbeide budsjettframlegg. Styret for SFO gjev uttale om framlegget.

12. VERKSEMDSPLAN / ÅRSPLAN

Leiar i samarbeid med rektor utarbeider verksemdsplan/ årsplan med overordna mål for verksemda. Denne planen skal skissere innhald i og mål for drifta og vise eventuelle satsingsområde. Det må takast omsyn til at barna har ulike behov for ro og kvile etter skuledagen.

Planen bør innehalde oversikt over aktuelle samarbeidspartnarar og leggje grunnlaget for utvikling av gode samarbeidsformer.

Konkrete aktivitetstilbod skal stette barna sine behov og inngå i den langsiktige målsetjinga.

13. SKYSS

Skulefritidsordninga er friviljug, og foreldre/føresette må sjølve syte for å bringe og hente barna når ordinær skuleskyss ikkje kan nyttast

14. TEIEPLIKT

Personalet ved SFO har teieplikt i alle forhold som vedrører barna og heimemiljøet deira; jf. lov om teieplikt av 10.2.1967 i forvaltningslova.

15. ENDRINGAR I VEDTEKTENE

Endringar i desse vedtektene kan gjerast ved vedtak i Kommunestyret.